



INVITASJON til KICK-OFF for å bygge HEILTIDSKULTUR i Volda kommune

Tid/stad: Torsdag 9. februar 2023 kl 08:30-15:30 på Uppheim (og Pinsjekyrkja etter lunsj)

Målgruppe: STIM-gruppene i helse og omsorg, skule, barnehage, og reinhald, leiarar, folkevalde

Påmeldingsfrist: Tysdag 31. januar 2023 her: <https://forms.office.com/e/En6GB9x5iG>

Program

08:15 Ankomst og kaffi på Uppheim

08:30 Opning av heiltidskulturprosjektet v/ordførar og arbeidstakarorganisasjonane

Heiltidserklæring v/personalsjefen

09:00 Frå deltid til heiltid? KS Konsulent sine erfaringar frå arbeidet med heiltidskultur

v/Geir Johan Hansen og Jo Fiske

09:45 Presentasjon av heiltidsplakatar frå helse og omsorg, skule, barnehage og reinhald

10:15 Heiltidskultur: Kva og kvifor? Utfordringar på vegen og nokre løysingsforslag

v/Fafo-forskar **Leif Moland**

12:00-12:45	Lunsj i Pinsekyrja for OPPVEKST OG REINHALD og vidare program der etter lunsj	Lunsj på Uppheim for HELSE OG OMSORG og vidare program der etter lunsj
12:45-15:30	Tema: <i>Heiltidskultur = heilskapskultur Livsmeistringsoppdraget Samanheng for den tilsette, barnet og familien «Frivillig» deltid? Eg er viktig – den prososiale motivasjonen Rett kompetanse på rett plass, kvalitet i alle ledd Ulik belastning – den negative spiralen</i>	Tema: <i>Korleis lykkast med heiltidskultur i helse og omsorg? Korleis tenke nytt om turnusarbeid? v/professor Kari Ingstad Handlar heiltidskultur bare om turnus? Helse og omsorgstjenester i framtida. Korleis kan vi møte utfordringane? Kvalitet i tenestene, heilskap og samanheng Kva føresetnader må vere til stades? Heiltid i eit HMS-perspektiv</i>



HEILTIDSKULTUR i Volda kommune



Eksterne innleiarar



Leif E. Moland er forskar i Fafo innanfor område som innovasjon, organisasjonsutvikling, lean, arbeidstid, turnus, heiltids-/ kompetansekultur, arbeidsmiljø og tenestekvalitet. Sidan 1990-talet har han forska på ulike tema relatert til heiltidskultur, og held ofte foredrag om tema. Moland er m.a. kjend for *heiltidshjulet* (kakediagrammet over), som viser gevinstar ein kan forvente å oppnå i tenester med heiltids- eller store deltidsstillingar. Heiltidshjulet inneheld åtte brukarrelevante kvalitetsvariablar (**grøn**), fem arbeidsvariablar som er særleg tilsette-relevante (**raud**), og seks driftsrelevante effektivitetsvariablar (**blå**), som er ein føresetnad for gode tenester og eit godt arbeidsmiljø.

Publikasjonar: <https://www.fafo.no/ansatte/leif-e-moland>



Kari Ingstad er professor i sosiologi ved Nord universitet, Fakultet for sykepleie og helsevitenskap. Ho er utdanna sjukepleiar, har hovudfag frå Universitetet i Oslo og ein doktergrad frå NTNU, Trondheim. Ho har forska på tema knytt til arbeid, arbeidsvilkår, arbeidstidsorganisering, organisasjon, leiing, innovasjon, samhandling, heiltidskultur og turnus i ei årrekke, og held ofte foredrag om desse tema. Boka hennar *Turnus som fremmer heiltidskultur*, handlar om korleis tenke nytt om turnusarbeid, slik at helse og omsorgssektoren kan baserast på heile stillingar.

Publikasjonar: <https://www.nord.no/no/ansatte/kari-ingstad>



Geir Johan Hansen er seniorrådgivar i KS-Konsulent og har sidan 2012 arbeidd med heiltidskultur og bemanningsleiing i nasjonale, regionale og lokale satsingar. I samarbeid med Leif E. Moland, har han leia fleire nettverk i den nasjonale satsinga «Sammen om en bedre kommune». Han har bakgrunn som sjukepleiar med vidareutdanning i eldreomsorg og helseleiing.

<https://www.kskonsulent.no/heiltidskultur>



Jo Fiske er spesialrådgivar i KS-Konsulent og arbeider spesielt med samhandling og korleis betre bruk av ressursar og kompetanse kan gi bidra i livsmeistringsoppdraget for barnet/elev, og korleis kommunen kan lykkast med sine oppgåver ved å sørge for god kvalitet i alle ledd. Vidare arbeidar han med leiarutvikling, 10-faktor, heiltidskultur, tenestedesign, skulestruktur og perspektivmeldingar.

<https://www.kskonsulent.no/heiltidskultur>